

---

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Roar Nettet

Arkivsaksnr.: 05/00030

---

## Årsmelding og rekneskap 2004

### Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet godkjenner årsmeldinga og rekneskapen for 2005
2. Unytta løyving, kr. 513 069,88, vert ført over til 2005 til styrking av budsjettet dette året.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

---

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Roar Nasset

Arkivsaksnr.: 05/00030

---

## **Saksframstilling**

### **Innleiing**

Året 2004 har vore eit aktivt år for Vestlandsrådet og ein har nådd fleire viktige mål i løpet av 2004. I løpet av året har rådet hatt 43 saker til handsaming. Dei aller fleste av sakene berører tema som ligg innan dei satsingsområde som handlingsplanen for Vestlandsrådet femner om.

Hordaland fylkeskommune har hatt formannskapet for Vestlandsrådet i 2004. Leiar har vore fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg og sekretariatet har vore leia av fylkesrådmann Paul M Nilsen.

Til aktiviteten sin har rådet nytta om lag 1 250 000 kr. Denne summen ligg over dei tilførde midlane frå den enkelte fylkeskommune. Det høgare aktivitetsnivået vart sikra gjennom ei overføring av ledige midlar frå 2003.

Vestlandsrådet har vedteke ein handlingsplan om kva saker det skal arbeidast saman om. I oktober vart det også gjort vedtak på kva saker innanfor handlingsplanen som særleg skal prioriterast i første omgang. Med dette har ein eit felles grunnlag om kva for saker som vert prioriterte.

Rådet kom fram til full semje når det gjaldt finansieringspakka for E39 Kyststamvegen. Denne inneheld felles prioriteringar og felles framlegg til finansiering for ei forsert utbygging av veggen. Gjennom felles opptreden og argumentasjon fekk ein fullt gjennomslag ved Stortinget si handsaming av Nasjonal transportplan for den neste tiårsperioden. Det vart lagt inn 1 milliard kroner meir til veggen, slik rådet gjorde framlegg om..

Vestlandsrådet er no i ferd med å utarbeide ein strategi for utvikling av marin sektor, spesielt med vekt på utvikling av nye artar for oppdrett. Potensialet for fleire artar, slik som m.a. torsk og skjel, er kanskje endå større enn det som svarar til dagens produksjon av laks og sjøaure. Det er heilt grunnleggjande at Vestlandet vert arena for ei nasjonal satsing for å utvikle desse næringane.

Vestlandsrådet har i fleire saker fokusert på den sterke statlege detaljstyringa og sentraliseringa innan kultursektoren. Kultur er viktig for at vi skal ha eit godt liv, det er viktig for identiteten vår, og det blir stadig viktigare som næringsområde. Det er difor viktig at kulturarbeidet har ein lokal og regional forankring. Det er vesentleg at Vestlandsrådet har ambisjon om å ta over styringa innan kultur- og idrettsområdet, og rådet har vedteke å arbeide vidare med ein søknad om overtaking av statlege oppgåver innan sektoren.

Samferdselsforsøket i regi av Vestlandsrådet starta opp i 2004. Vestlandsrådet har òg engasjert seg i samband med fleire stortingsmeldingar, som arbeidet med skipsfartsmeldinga, petroleumsmeldinga, oljevernmeldinga og kulturmeldinga. Vidare har rådet teke opp saker knytt til spesialisthelsetenesta, betre regional forankring for innovasjonspolitikken, luftfart, sentralisering av statlege arbeidsplassar, underrepresentasjon frå Vestlandet i statlege styre, råd og utval, nedbemanning i forsvaret, fleire kultursaker som jazzsentra og fellestenester for musea. Rådet har også gitt innspel til distriktskommisjonen.

Interessa for Vestlandsrådet og for regionalisert styring av verkemidla har auka monaleg det siste året. Vestlandet er kanskje den delen av landet som har kome lengst i retning av å utvikla tankar og idear om ein sterk region. Det sterke fokuset på regionalisering er ein trend i tida. Dette skuldast at det er behov for sterke regionar for å sikre at avgjerdene blir tatt på det mest hensiktsmessige nivået, og for å

---

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Roar Nesset

Arkivsaksnr.: 05/00030

---

motverke den sterke sentraliseringa til hovudstadsområda. Arbeidet i Vestlandsrådet har og vore sterkt medverkande til å auke fokuset på Vestlandsregionen. Dette blir det lagt merke til.

### **Medlemmene i rådet**

#### *Frå Rogaland*

Fylkesordførar Roald G. Bergsaker (H), Fylkesvaraordførar Eirin Kristin Sund (A), Ola Ingvaldstad (Frp.), Odd Arild Kvaløy (Sp), Klara Tveit (SV)

#### *Frå Hordaland*

Fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg (Krf.), Fylkesvaraordførar Tom-Christer Nilsen (H), Terje Søviknes (Frp.), Gisle Handeland (A), Mette Holmefjord Olsen (SV)

#### *Frå Sogn og Fjordane*

Fylkesordførar Nils R. Sandal (Sp), Fylkesvaraordførar Tor Bremer (A), Liv Signe Navarsete (Sp), Mathias Råheim (H), Hilde Kvamsås Aa (SV)

#### *Frå Møre og Romsdal*

Fylkesordførar Jon Aasen (A), Anne Jorunn Hammerø Hatle (Sp), Jan Magne Dahle (SV), Olav Bratland (H), Inger Hanekamhaug (Frp)

### **Handlingsplanen**

Ein samla Vestlandsregion vil kunne ta på seg eit større ansvar for regional utvikling og ressursfordeling og overta statlege oppgåver og verkemiddel. Handlingsplanen for Vestlandsrådet som rådet vedtok på møte i Bergen 29. januar 2004, legg opp til å ha særleg merksemd innan områda næringsutvikling og innovasjon, samferdsle, kultur, internasjonalt arbeid, landbruk, reiseliv og prosessindustri.

Rådet meiner at eit meir samla Vestland vil gje eit betre grunnlag for å utvikla ein konkurransedyktig nyskapande region basert på ein heilskapt innovasjonspolitik. Dette arbeidet skal skje i nært samspel med andre utviklingsaktørar i regionen, heiter det i handlingsprogrammet. Vestlandsrådet seier at i dette perspektivet kan korkkje storbyregionane eller statlege etatar åleine ivareta heilskapsperspektivet.

Vestlandsrådet meiner at eit meir samla Vestland vil gje innhald til nærleiksprinsippet gjennom at det representerar eit avgjerdsnivå som ligg nærare borgarane og kommunane enn det nasjonale nivået, noko som igjen vil kunna vera med å styrkja folkestyret. Dei regionalpolitiske verkemidla som krev lokalt skjønning må difor styrast av regionen sjølv. Eit samarbeidande Vestland vil betre kunne samordne den regionale utviklinga mellom fylkeskommunane. Regionen kan sikre ei betre og meir effektiv forvaltning gjennom lokal kunnskap enn dei sentrale styresmaktene. Vi vil stå sterkare og lettare få gjennomslag i høve til nasjonale styresmakter og andre organ og bli ein meir attraktiv samarbeidspartnar både nasjonalt og internasjonalt, heiter det i handlingsplanen.

Handlingsplanen er først og fremst meint å vere eit styringsdokument for det systematiske utviklingsarbeidet i regi av Vestlandsrådet. Planen er ikkje altomfemnande for rådet si verksemd, men viser til dei viktigaste satsingane innan utviklingsarbeid der ein vil arbeide på ein systematisk måte gjennom mål, strategiar og handlingsplanar/tiltak. Det er viktig å påpeuke at når det gjeld Vestlandsrådet sitt interessehevdande arbeid, legg temavalet i handlingsplanen ikkje noko avgrensing på kva saker ein der kan ta opp. Dette vil vere avhengig av kva som til ein kvar tid er viktige saker for rådet.

*I handlingsplanen er visjonen formulert slik:*

Vestlandet:

- ein attraktiv region for folk og næringsliv
- ein region med høg verdiskapinga, basert på våre unike ressursar, i tråd med folket og næringslivet sitt behov

---

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Roar Nesset

Arkivsaksnr.: 05/00030

---

- ein region med aktivt folkestyre, god forvaltning og nærleik til avgjerdsprosessane.

*Og det er laga slik målformulering for Vestlandsrådet*

Fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom forpliktande samarbeid innan nærare definerte område:

- styrke utviklinga til beste for dei som bur i regionen
- løyse felles utfordringar for Vestlandet
- aktivt påverke statlege rammeføresetnader
- kunne overta fleire og meir omfattande oppgåver som betre vil finna si løysing gjennom lokal kunnskap.

Eit slikt utviklingsorientert, fagleg og politisk samarbeid skal styrkje Vestlandsregionen både nasjonalt og internasjonalt.

### **Næringsutvikling og innovasjon**

Innan dette området har det vore viktig å overvake den nasjonale politiske agendaen for å sikre Vestlandet sine interesser og drøfta aktuelle saker innanfor dei prioriterte områda.

Ei slik sak var *Rammevilkåra for den maritime næringa* (skipsfarstmeldinga) som var til handsaming i ei melding til Stortinget i juni. På vårparten vart det også arbeidd med den såkalla "skattesaka" for olje- og gassutvinninga. På dette feltet vert det no arbeidd vidare for å realisere auka bruk av gass i regionen.

I samband med handlingsprogrammet sitt mål om å styrke innovasjons- og næringsutviklinga, tok ein opp Staten si satsing gjennom programmet "Innovasjon 2010". Staten sitt utspel var ikkje godt nok forankra på regionalt nivå og Vestlandsrådet la opp til ei vidare oppfølging av dette.

Mykje arbeid har vore knytt til marin sektor. Ein har drøfta ei konkret sak knytt til strukturen i skjelnæringa, og byrja førebuingane til å gje innspel i den nasjonale politiske prosessen rundt stortingsmeldinga om marin næringsutvikling som fiskeriministaren har varsla. Det vert og teke til orde for å sikre realiseringa av auka satsing på nye arter gjennom ei regionalisering av verkemiddel og samspel med dei ulike nærings- og kompetansmiljøa.

Vestlandsrådet arrangerte 30. mars 2004 ein konferanse om "Næringsutvikling i eit regionalisert system" i Stavanger Forum

Målet for konferansen var å belyse dagens næringspolitikk og – i samarbeid med dei aktørane som påverkar næringsutviklinga – å kome fram til dei beste løysingane i tida som kjem. Arrangementet var eit ledd i arbeidet med å utvikle ein heilskapleg regionalpolitikk for Vestlandet.

På konferansen vart det sett fokus på næringsutvikling i eit sentralisert system kontra eit system som baserer seg på nærleiksprinsippet. Ei marin næring – oppdrett – vart nytta som eksempel og personar som kjenner næringa godt skildra næringa sine utfordringar, behov og muligheter og kom med ønskje og krav til det offentlege, kompetansmiljøa og andre.

### **Samferdsle**

På samferdselsområdet har Vestlandsrådet teke initiativ til og gjennomført fleire aktivitetar, som særleg har markert og synleggjort regionsamarbeidet i høve til det statlege styrings- og forvaltningssystemet. Samstundes er det også gjennomført aktivitetar som har synleggjort Vestlandsrådet ovanfor næringsliv

---

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Roar Nasset

Arkivsaksnr.: 05/00030

---

og kommunar på Vestlandet på samferdseksområdet. Samla sett er dette nedfelt innanfor to satsingsområde:

#### *Forsøk innanfor vegsektoren (Vestlandsforsøket)*

Vestlandsrådet vart frå 1.1.2004 tildelt eit forsøk over 4 år med alternativ organisering av statlege oppgåver innanfor vegsektoren i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Dette medfører at Vestlandsrådet har fått ansvar for endeleg å prioritere bruk av riksvegmidlar til planlegging og investeringstiltak på det øvrige riksvegnettet i desse forsøksfylka. For gjennomføring av dette forsøket er det etablert ei administrativ koordineringsgruppe som er leia av regionveg sjefen i Statens vegvesen Region vest. Vestlandsrådet har vedteke eit plan- og budsjettprogram for dette forsøket for 2004, som er lagt til grunn for bestilling av ulike tiltak og tenester som Statens vegvesen Region vest har utført. Arbeidet med forsøket har bidrege til å utvikle administrative og politiske samarbeidsrelasjonar på tvers av fylkesgrensene for samordna transportpolitiske strategiar også utover forsøket. Dette har m.a. skapt eit grunnlag for å utvikle ei samordna prioritering av E39 Kyststamvegen som felles gjennomgåande stamvegstreking på Vestlandet. Forsøket representerer eit område med formelt ansvar for samarbeid mellom tre av fylka i Vestlandsrådet som i tillegg har vore med på å forsterke grunnlaget for å vurdere eit tettare regionalpolitisk samarbeid også på andre områder på Vestlandet.

#### *Satsing på E39 Kyststamvegen som livsnerven på Vestlandet*

Utvikling av E39 Kyststamvegen har over lengre tid i vestlandsfylka hatt høg prioritet som gjennomgåande stamvegstreking. I samband med arbeidet med Nasjonal transportplan 2006-2015 tok Vestlandsrådet initiativ til ei samordna finansierings- og utbyggingspakke (Vest39) for heile vegstrekinga frå Rogaland i sør til Møre og Romsdal i nord. Dette initiativet lanserte nye bompengeprojekt på stamvegen samstundes med kravet om auka statlege investeringsrammer. I regi av Vestlandsrådet vart det halde eit felles høyringsmøte Stortingets samferdselskomite om Nasjonal transportplan 2006-2015, der Vest39 vart løfta fram av m.a fire fylkesordførarar. Ved den endelege handsaminga av stortingsmeldinga om Nasjonal transportplan 2006-2015 vedtok Stortinget å auke investeringsrammene til E39 Kyststamvegen med vel 1 mrd.kr i høve til regjeringa sitt forslag. Samstundes er fleire av dei nye bompengeprojekta avvist etter at Vest39 vart oversendt kommunane for uttale.

Når det kjem til dei årlege løyvingane er E39 Kyststamvegen ein av "verstingane" når det gjeld oppfyllingsgrad i høve til Stortinget sine egne vedtekte rammer. Dette var m.a eit tema på Vestlandsrådet sitt høyringsmøte med Stortingets samferdselskomite om statsbudsjettet for 2005.

#### *Andre samferdselspolitiske initiativ og vedtak i Vestlandsrådet*

##### Luftfartsprosjekt

Oppstart av utgreiingsarbeid for å klargjere i kva form organisering og drift av luftfarten på Vestlandet best vil utvikle eit effektivt flytilbod, og der det vert føresett at vestlandsfylka får dei same rammevilkåra som resten av landet.

##### Samla transportplan for Vestlandet

Oppstart av overordna planarbeid for å synleggjere og løyse felles transportpolitiske utfordringar, prioriteringar og satsingsområde på Vestlandet. Planen skal m.a vere eit arbeidsreiskap for å påverke rammevilkåra for person- og næringstransport på Vestlandet i samband med utforminga av den nasjonale transportpolitikken i Nasjonal transportplan.

## **Kultur**

Vestlandsrådet har innan kulturfeltet som mål å overta statlege oppgåver og få ei sterkare regional styring. Vestlandsrådet ser kulturfeltet som avgjerande når det gjeld arbeidet med regional utvikling. Dette hovudmålet har prega arbeidet på kulturfeltet i rådet, og har kome til uttrykk i fleire saker, mellom anna i handlingsplanen (sak 1/04) og i uttale til distriktskommisjonen (sak 7/04).

For tida er vi inne i ei utvikling der staten set seg i førarsetet på fleire felt innan kulturområdet, anten ved å overta oppgåver som lenge har lege til fylkeskommunane eller ved å gå inn med klarare styring av oppgåver som ligg til fylkeskommunen.

Dette vart understreka av Vestlandsrådet i samband med uttale til kulturmeldinga - St. meld nr. 48 (2003-2004) "Kulturpolitikk fram mot 2014" (sak 4/04). I vedtaket heiter det mellom anna: "Tittelen, "Kulturpolitikk fram mot 2014", skapar forventningar om at det her vert lagt fram ei heilskapleg vurdering av den nasjonale kulturpolitikken i Noreg. Vestlandsrådet meiner at meldinga i for liten grad evnar å sjå ut over den sentralstyrte delen av kulturpolitikken som vert forvalta av Kultur- og kyrkjedepartementet." I saka vert det peika på at statleg styring blir utforma og praktisert utan tilstrekkeleg forankring i regionale forhold – og med til dels svært detaljerte instruksjonar som minskar handlingsromma og gjer fylkeskommunane snarare til sekretær og organisator for statleg styring enn til sjølvstendige regionale politiske aktørar.

På denne bakgrunnen tok rådet opp ei eiga sak om det regionalpolitiske handlingsrom på kulturfeltet (sak 26/04). Det vart vedteke å arbeide vidare med ein søknad om ei forsøksordning med regional overtaking av statlege oppgåver og verkemiddel på kulturområdet – eit pionerprosjekt som kan verta ein spennande nyskaping i norsk kulturpolitikk.

Vestlandsrådet er særleg merksam på område der vestlandsfylka allereie har utvikla gode samarbeidsrelasjonar innanfor kulturfeltet. Dette gjeld til dømes fartøyvern, IKT, Vestnorsk Jazzsenter, Vestform, Vestlandsutstillinga og Bokbåten Epos. Det vart såleis viktig å ta opp utfordringane innanfor det nasjonale jazznettverket. I sak om satsing på regionale jazzsentra og festivalar (23/04) understreka Vestlandsrådet at etableringa av ein nasjonal jazzscene i Oslo er ein feilprioritering som vil stansa vidareutviklinga av dei regionale jazzsentra og festivalar..

Vestlandsfylka har tatt tak i utfordringane med å ei få til ei kvalitetsheving av bevaringsarbeidet i musea gjennom å utvikla museale felleløysingar. I sak 22/04 vart staten utfordra til å følgja opp med midlar. Staten må følgja signal som er gjevne i to stortingsmeldingar, om at staten skal yta midlar til å byggja opp museale fellestenester.

Vestlandsrådet arrangerte kulturkonferanse i Førde 22. juni om regional kultursatsing med særleg fokus på kulturbasert næringsliv. Nærare 100 deltakarar tok del på konferansen, som og fekk god pressedekning. På konferansen valde ein å setje fokus på tema som kultur, identitet og regional utvikling, språk som grunnlag for kulturell identitet, og verdiskaping knytta til kultur, kulturarv og opplevingar. Alle desse tema er sentrale når det gjeld arbeidet framover for å skape ny vekst for våre område; for kommunane så vel som for frivillige organisasjonar og kulturinstitusjonar.

## **Internasjonalt arbeid**

Arbeidet med internasjonale saker innan Vestlandsrådet er på rett veg. Det bygger på innsats i det enkelte medlemsfylke og også på røynsler og kontaktar frå tidligare landsdelssamarbeid. Handlingsprogrammet gir et godt grunnlag for aktivitetane.

---

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Roar Nasset

Arkivsaksnr.: 05/00030

---

Ei rekke politikarar frå Vestland fylke har viktige verv i europeiske organisasjonar som ivaretek regionane sine interesser. Det er ei viktig oppgåve å legge til rette for at verva kan nyttast aktivt og målretta.

Det er og ei utfordring å gjere Vestlandet og Vestlandsrådet kjent og innarbeidd.

I tida som kjem vil det være ei viktig oppgåve å konsolidere dei initiativa som er tekne, men og å bygge ut kontaktane både ute og heime.

Samarbeidet med departementa og dei andre landsdelsorganisasjonane om internasjonale saker er viktig og positivt.

Kontaktflata overfor næringsliv og kommunar med omsyn til internasjonalt arbeid må styrkast. I dette arbeidet er Brussel – kontora med heimeapparat og EiC – tenesta viktige reiskapar.

Arbeidet med maritim sikkerheit vert følgd opp.

Ein stor del av Vestland fylke sin innsats har naturleg nok hatt sin base i Nordsjø – samarbeidet.

Overfor Østersjø – land og nye EU – land er det eit ”forbedringspotensial” – ikkje minst med tanke på aktivitetar i samband med dei nye EØS – finansieringsmekanismane.

Sist, men ikkje minst, vil eit systematisk framtidretta strategi – og programarbeid vere av stor betydning. Eksempler på dette er nye Interreg – programmer for tida 2007 – 2013, og ny strategi for Nordisk Atlantsamarbeid

Vestlandsrådet gjennomførde ein vellukka studietur til Brussel og Nord-Pas-de-Calais i november.

Føremålet med turen var å få innblikk i kva som skjer når det gjeld utviklinga av det regionale nivået og på området regionalpolitikk både i EU og i ulike deler av Europa.

Det vert vist til meir omfattande årsrapport frå det internasjonale arbeidet på [www.vestlandsraadet.no](http://www.vestlandsraadet.no)

### **Utgreiing om eit eventuelt nytt folkevald nivå på Vestlandet**

Vestlandsrådet vedtok på møte 6. oktober å tilrå medlemsfylka å fremje sak for fylkestinga med premissar og innhald for eventuelt nytt regionalt nivå på Vestlandet. Med utgangspunkt i innspel frå dei respektive fylkestinga er det rådd til at det vert starta eit arbeide med ei utgreiing i regi av Vestlandsrådet som vert handsama av fylkestinga i løpet av hausten 2005.

Utgreiinga skal leggje til grunn at ein skal erstatte dagens sektororienterte og sentraliserte politikk med ein samordna og heilskapleg regional utviklingspolitikk for Vestlandet basert på lokal kunnskap og landsdelen sine føremoner og utfordringar.

Fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har vedteke at Vestlandsrådet gjer ei slik utgreiing, medan fylkestinget i Møre og Romsdal har vedteke at dei ønskjer å byggje vidare på eit tett og forpliktande samarbeid med dei andre fylka på Vestlandet, men ønskjer ikkje ei utgreiing.

Utgreiinga skal byggje på følgjande premissar:

1. Arbeidet skal byggje på at Vestlandet har ein felles identitet og eit felles næringsgrunnlag
2. Skape ein samordna og heilskapleg regional utviklingspolitikk basert på lokal kunnskap og landsdelen sine føremonar og utfordringar
3. Nærleiksprinsippet
4. Lokale verdiar skal disponerast lokalt

---

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Roar Nasset

Arkivsaksnr.: 05/00030

---

5. Regionale funksjonar, kompetansemiljø og mynde vert fordelt på ein slik måte at etableringa av nye regionar ikkje fører til ei forsterka sentralisering på regionalt nivå.
6. Avstand skal inngå som ein premiss i drøftinga
7. Desentralisert styringssystem
8. Motverke sentralisering både på nasjonalt og på regionalt nivå.
9. Arbeid for overtaking av statlege oppgåver
10. Utvikle eit godt samspel med kommunar, næringsliv og andre aktørar.



---

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Roar Nesset

Arkivsaksnr.: 05/00030

---

### **Rekneskapen 2004**

Rekneskapen 2004 er gjort opp med utgifter på kr. 1 242 927,62 og med unyttta løyvingar på kr. 513 069,88

#### *Rekneskapen viser:*

Overført frå 2003	754 997,50
Overført frå fylkeskommunane 2004	1 000 000,00

**Til disposisjon 2004** **1 754 997,50**

#### Utgifter 2004:

1006 Trykksaker	18 450,00
1154 Bevertning	12 336,72
1209 Ymse driftsutgifter	8 512,07
1404 Trykking og kopiering	13 385,49
1601 Tenestereiser	1 670,00
1701 Reise og opphaldsutgifter	21 427,99
2701 Honorar	590 121,40
3700 Kjøp frå andre	423 045,22
4700 Overføring til andre	150 000,00
4296-98 Ikkje refundert moms	2 978,73

**Sum utgifter** **1 241 927,62**

**Til overføring 2005** **513 069,88**

#### *Av større utgiftspostar i 2004 kan nemnast:*

Til analyser, rapportar og kommunikasjonsplan i samband med Vest39 og Norsk Transportplan	580 410,62
---	------------

Marin verdiskaping	166 420,00
--------------------	------------

Avsett til luftfartsprosjekt	240 000,00
------------------------------	------------

Prosjektstøtte havdomeneprosjektet	150 000,00
------------------------------------	------------